

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge
Avdeling: Fylkesrådmannen
Sak nr.: 12/3205-1

Tertialrapport 1/12

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2012

1. Forventa renteinntektene vert auka med 10 mill. kr.
2. Forventa utbytte frå selskapa vert redusert med 1,769 mill. kr.
3. Ufordelt løns- og prispott vert redusert med 1,964 mill. kr.
4. Det vert nytta 0,6 mill. kr av omstillingsfondet til delfinansiering av arbeidet med skulebruksplanen.
5. Tertialrapporten vert saldert med ei samla avsetting på 0,118 mill. kr til bufferfondet.

6. Forvaltning vert auka med 1,727 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 1102 Kontrollutvalet vert auka med 0,427 mill. kr.

Teneste 1307 juridisk honorar, prosjekt m.v vert auka med 1,300 mill. kr.

7. Opplæring vert auka med netto 6,450 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 2102 Utgifter til lokale vert redusert med 0,007 mill. kr.

Teneste 2111 Utdanningsprogramma vert auka med 3,994 mill. kr med slik fordeling:

- 1,964 mill.kr i auka pensjonsutgifter til Statens Pensjonskasse.
- 1,160 mill. kr i auke knytt til nytt sentralt avtaleverk for lærarar.
- 0,870 mill.kr i auka løyving til Øyrane vgs – vg3.

Teneste 2112 Gratis læremiddel og PC ordning vert redusert med 1,0 mill. kr.

Teneste 2201 Fellesutgifter for opplæring vert auka med 1,7 mill. kr med slik fordeling:

- Omstillingstiltak for pedagogisk personale vert auka med 1,1 mill.
- 0,600 mill. kr til arbeid med skulebruksplanen.

Teneste 2502 PPT Eid og Vågsøy vert auka med 0,007 mill. kr.

Teneste 2802 Fagprøver vert auka med 1,1 mill. kr.

Teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter vert redusert med 0,870 mill. kr.

Teneste 2901 Landsliner vert auka med 0,526 mill. kr.

Teneste 2912 Vaksenopplæring vert auka med 1,0 mill. kr

8. Kultur vert auka med 0,150 mill. kr:

Teneste 5004 Bibliotekføremål vert auka med 0,150 mill. kr.

9. Samferdsle vert auka med 1,750 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 6203 Trafikktryggingstiltak vert auka med 1,5 mill. kr.

Teneste 6204 Prosjekt og tilskot vert auka med 0,250 mill. kr.

Teneste 6202 Fylkesvegar: Tenesta får i 2012 ein kostnadsauke på til saman 65,100 mill. kr i samband med skadane etter uveret Dagmar og auka kostnader til vedlikehald.

Kostnadsauken på tenesta vert finansiert slik:

- 26,0 mill. kr i føresett statstilskot etter uveret Dagmar.
- 29,4 mill. kr i overførte midlar - drift og vedlikehald 2011
- 3,0 mill. kr i auka inntekter frå mva. refusjon
- 6,7 mill. kr frå budsjettert avsetning til skadefond for fylkesvegnettet.

B. Kapitalbudsjettet for 2012

1. Det vert løyvd 0,100 mill. kr til aksjeemisjon i Sogn og Fjordane Holding AS. Emisjonen vert finansiert over kapitalfondet.
2. Investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsplan for bygg og anlegg vert endra i samsvar med vedlegg 1.
3. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

Vedlegg:

1. Investeringsprogram for bygg og anlegg
2. Investeringsprogram for fylkesvegar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. ØKONOMISK STATUS

Fylkeskommunen har tilfredstillande økonomi på kort sikt. Rekneskapen for 2011 vart lagt fram med eit overskot på om lag 27 mill. kr.

Fylkesrådmannen kan per 1.tertial konstatere ein svikt i forventa lokale inntekter i 2012. Utbytte frå selskapa vert 1,769 mill. kr lågare enn budsjettert, og prognosen på konsesjonskraftinntektene syner ein inntektsvikt på ca. 16 mill. kr for heile 2012. Nedgangen i konsesjonskraftinntektene skuldast fall i prisane på sal av konsesjonskraft. Negative økonomiske utsikter i Europa og høg fyllingsgrad i vassmagasina er viktige årsaker til at prisutsiktene er låge for resten av 2012.

Fylkeskommunen har bygd seg opp eit bufferfond for å møte årlege svingingar i dei lokale inntektene. Forventa svikt i lokale inntekter i 2012 blir saldert mot dette fondet, og vil såleis ikkje føre til direkte konsekvensar for det budsjetterte driftsnivået i 2012. Bufferfondet kan ikkje møte svikt i lokale inntekter over fleire år. Om pristrenden i kraftmarknaden held fram, må fylkesrådmannen vurdere om nivået på lokale inntekter til driftsføremål bør nedjusterast i dei årlege budsjetta, eller om bufferfondet må tilførast meir kapital. Fylkesrådmannen kjem attende til desse spørsmåla i komande budsjettprosess.

Fylkeskommunen har til no i 2012 hatt ein høgare gjennomsnittlikviditet enn føresett i budsjettet. Dette skuldast at det tek lenger tid enn føresett å effektuere tiltak og utbetalingar. Midlar blir difor ståande lenger i form av bankinnskot. Denne forseinkinga fører til at den renteberande likviditeten med tilhøyrande renteinntekter vert høgare. På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen å auke forventa renteinntekter med om lag 10 mill. kr i 2012.

I tertialrapporten blir det tilrådd justeringar som netto aukar driftsrammene med om lag 10 mill. kr. Ein del av desse påplussingane vil ha konsekvensar utover 2012 og såleis vere med på å auke presset på den økonomiske balansen. Med forventa lågare rammer frå 2014, vil auken i drifta føre til tilsvarande større utfordringar når rammene må justerast ned som følgje av nytt inntektssystem, redusert elevtal og nye vegrammer.

Fylkesrådmannen legg difor opp til at avvik på sektornivå i størst mogleg grad skal løysast innanfor sektorrammene i økonomiplanen for åra framover.

Investeringsbudsjettet blir finanisert innanfor gjeldande lånerammer.

Samla sett vert tertialrapporten saldert med ei avsetning mot bufferfondet med 0,118 mill. kr.

2. DRIFTSBUDSJETTET

2.1 Fylkesskatt og statlege overføringar

Det er ikkje grunnlag for endra prognosar for fylkesskatt og statlege overføringar per første tertial.

Dersom revidert statsbudsjett inneheld nye prognosar/signal vil fylkesrådmannen komme attende med ei ny vurdering som vert lagt fram før fylkestinget si handsaming av saka.

2.2 Renteinntekter/-utgifter

Renteinntekter

I 2012 er det budsjettert med 8,9 mill. kr i renteinntekter på fylkeskommunen sin likviditet. Deler av likviditeten er plassert på faste vilkår. Fylkesrådmannen signaliserte i budsjettprosessen at tilrådd gjennomsnittslikviditet kunne vere noko låg. 350 mill. kr i gjennomsnittslikviditet vart fastsett med grunnlag i dei økonomiske utsiktene framover i økonomiplanen. Så langt i 2012 har gjennomsnittslikviditeten vore mykje høgare enn budsjettføresetnaden. Rentesatsen har også vore noko høgare enn føresett. Fylkesrådmannen vil ut frå dette tilrå å auke budsjetterte renteinntekter med 10 mill. kr, til 18,9 mill. kr.

Renteutgifter

Det er ikkje grunnlag for endra prognosar for renteutgifter per første tertial. Eventuelle endringar som følgje av blant anna forskyving i låneopptak vert å kome attende til i Tertialrapport 2/12.

2.3 Lokale inntekter

Konsesjonskraft

Det er budsjettert med ei nettoinntekt på sal av konsesjonskraft på 84 mill. kr. i 2012. Per 1. tertial tilseier årsprognosen at inntekta må reduserast med 16 mill. kr for heile 2012. Dette skuldast at inntektene på salet i spotmarknaden har vore lågare enn føresett. Endringane i kraftprisane har stor innverknad på våre inntekter, og prognosane per 1.tertial er difor usikre. Fylkesrådmannen legg ikkje opp til å effektivisere reduksjonen mot bufferfondet no, men kjem attende med oppdaterte prognosar for året i 2.tertial. Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at kraftprisane må verte vesentleg høgare for at fylkeskommunen skal oppnå budsjetterte inntekter i 2012. Det vert her vist til eigen rapport til FT i juni i høve konsesjonskraftomsetjinga.

Utbytte

Fylkeskommunen har budsjettert med utbytte frå to selskap, F1 Holding AS og SFE. Det er kome signal på at samla utbytte vert 1,769 mill. kr. mindre enn føresett. Årsaken er eit lågare årsresultat enn forventet frå SFE grunna store kostnader i samband med orkanen Dagmar.

Fylkesrådmannen vil ut frå dette tilrå å redusere budsjetterte utbytteinntekter med 1,769 mill. kr.

2.4 Utvikling i pensjonsutgiftene

Fylkeskommunen betalar pensjonspremie til både Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). For lærarane i dei vidaregåande skulane vert pensjonspremien betalt til SPK. Det viser seg no at den pensjonssatsen som er nytta i budsjettet i høve til SPK er for låg. Fylkesrådmannen har ut frå dette auka satsen til SPK med 0,61 % til 13,09 % både for 2012 og i resten av økonomiplanperioden. For nærare omtale av dette og dei økonomiske konsekvensane vert det vist til punkt 2.6.

2.5 Forvaltning

Teneste 1102 Kontrollutvalet

Ny samansetning av kontrollutvalet etter valet hausten 2011 har medført høgare reisekostnader for utvalet. Fylkesrådmannen tilrår ut frå dette å auke budsjettet for 2012 med 0,105 mill. kr. Auken er varig og vert tilrådd vidareført i økonomiplanperioden.

I FT sak 10/11 vart det vedteke å redusere ramma til kontrollutvalet med 0,270 mill. kr med føresetnad om at selskapsavtalen med Sogn og Fjordane revisjon IKS vart reforhandla i 2012. I gjeldande budsjett er det lagt inn ein føresetnad om at kontrollutvalet skal få kompensert denne reduksjonen viss avtalen ikkje vert reforhandla som føresett. Det har så langt ikkje vore mogleg å få til ei reforhandling av selskapsavtalen. Den føresette reduksjonen let seg såleis ikkje realisere i 2012. I tillegg har SF revisjon IKS lagt inn ein prisauke på finansiell revisjon på 0,052 mill. kr som ikkje var kjent når budsjettframlegget frå kontrollutvalet vart handsama. Det er uvisst kor tid ei eventuell reforhandla selskapsavtale vert gjeldande. Fylkesrådmannen legg difor opp til at dei auka kostnadane til kontrollutvalet vert vidareført i økonomiplanperioden.

Samla for kontrollutvalet vert det tilrådd ein auke på 0,427 mill. kr.

Teneste 1307 Juridisk honorar, prosjekt m.v

Det er forhandla fram ein forliksavtale på 1,3 mill. kr knytt til eit erstatningskrav mot fylkeskommunen i samband med ein avlyst anbuds konkurranse. Forliksavtalen er akseptert munnleg, men signering av avtala frå motpart og handsaming i fylkesutvalet er ikkje gjennomført. Endeleg forliksavtale er såleis ikkje formelt inngått. Fylkesrådmannen tilrår å løyve 1,3 mill. kr til utbetaling av forliksavtalen.

Administrativ kapasitet

I 2012 gjennomfører fleire sektorar tunge prosessar som krev mykje ressursar. Døme på dette er arbeidet med regional planstrategi, utarbeiding av skulebruksplan, regional transportplan og bussanbod. Grunna store prosesskostnader er kontorbudsjetta til sektorane svært pressa. Fylkesrådmannen gjer no ei samla vurdering av den administrative kapasiteten sett i høve til dei prioriterte arbeidsområda. Eventuelt behov for å styrke den administrative kapasiteten/nedjustere ambisjonsnivået i pågåande prosessar vert lagt fram som ein del av tertialrapport 2/12.

2.6 Opplæring

Teneste 2111 Utdanningsprogramma

Auka pensjonspremie til Statens Pensjonskasse

I vedteke budsjett for 2012 er det lagt inn ein pensjonssats til Statens Pensjonskasse som er lågare enn den som er gjeldande for 2012. Det var budsjettert med ein sats på 12,48 %. Rett pensjonspremie skal vere 13,09 %. Endringa medfører ein årleg kostnadsauke på om lag 1,964 mill. kr. Fylkesrådmannen vil tilrå å dekke inn denne årlege auken med midlar frå ufordelt løn- og prispott.

Sentralt avtaleverk - auka byrdefullressurs

I tråd med ny arbeidstidsavtale inngått mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane er tidsressursen til byrdefull arbeidssituasjon i vidaregåande opplæring auka frå 90 min. til 120 min. pr. elev. Dette gjeld frå 01.08.12. Fylkeskommunane vert ikkje tilført midlar for å kompensere dette. Årleg kostnadsauke er rekna til 2,550 mill. kr. For 2012 utgjer auken 1,160 mill. kr.

Samla vert det tilrådd å redusere ufordelt løn- og prispott med 1,964 mill. kr, og auke teneste 2111 Utdanningsprogramma med 3,124 mill.kr.

Teneste 2112 Gratis læremiddel/PC-ordninga

Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga til gratis læremiddel og digital satsing vert redusert med 1,0 mill. kr i 2012 for å finansiere meirbehovet innan vaksenopplæring. Dette inneber ei vidareføring av løyvinga på om lag same nivå som forbruket i 2011. Det er varsla stort behov for midlar til gratis læremiddel i 2013 som følgje av nye læreplanar og fylkesrådmannen tilrår difor ikkje at reduksjonen vert vidareført i 2013.

Teneste 2201 Fellesutgifter for opplæring*Omstillingstiltak for pedagogiske personale*

Etter vurdering av rekneskapen for 2011, bindingar for 2012 og tidlegare erfaring frå handsaming av overtal ved dei vidaregåande skulane tilrår fylkesrådmannen at omstillingstiltak for pedagogisk personale vert styrka årleg med 1,1 mill. kr i høve vedteke budsjett frå 2012. Fylkesrådmannen har enno ikkje full oversikt over overtalskonsekvensane av vedteke opplæringstilbod for komande skuleår. Fylkesrådmannen vil difor kome tilbake til problemstillinga i 2. tertial dersom føresetnadene som er lagt til grunn vert endra.

Skulebruksplan

Det er sett av 0,550 mill. kr årleg i 2012 og 2013 til arbeidet med skulebruksplanen. Midlane skal dekke gjennomføring av sentrale prosessar og kjøp av ekstern kompetanse. Våren 2012 har det vore arbeid systematisk med involvering av alle tilsette ved dei vidaregåande skulane. Dette er eit svært omfattande arbeid. I mai/ juni 2012 skal det gjennomførast regionvise medverknadsverkstader for dei tilsette ved skulane. Kjøp av ekstern kompetanse til deler av prosessen er lyst ut på anbod. Samla sett er kostnaden ved skulebruksplanen i 2012 stipulert til 1,050 mill. kr, eit meirforbruk på 0,6 mill. kr. I vedteke budsjett 2009 vart det sett av 5,3 mill. kr i fond til omstillingsarbeid i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen tilrår at meirbehovet knytt til arbeidet med skulebruksplanen i 2012 vert dekkja over omstillingsfondet.

Samla vert det tilrådd å redusere omstillingsfondet med 0,6 mill. kr, og auke teneste 2201 Fellesutgifter for opplæring med 1,7 mill.kr.

Teneste 2502 PP-tenesta*PPT Eid og Vågsøy*

Som følgje av indeksregulering av husleige i Måløy frå 01.01.12 må budsjettet for PPT Eid og Vågsøy aukast med 0,007 mill. kr, finansiert med ein tilsvarande reduksjon av teneste 2102 Utgifter til lokale. Nivået må vidareførast i økonomiplanperioden.

Teneste 2802 Fagprøver

Som følgje av auka kostnader pr. fagprøve er forbruket på fagprøver i 2012 stipulert til eit meirforbruk på 1,1 mill. kr i høve vedteke budsjett. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for fagprøver frå 2012 vert styrka med 1,1 mill. kr. Nivået må vidareførast i økonomiplanperioden.

Teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter

Det har vorte oppretta eit Vg3-tilbod på Øyrane vgs innan bilfag som alternativ til opplæring i bedrift. Det var ein føresetnad at dette skulle finansierast med innsparing på teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter. Kostnaden til Vg3-tilbodet er berekna til 0,870 mill. kr, og det vert no tilrådd å overføre 0,870 mill. kr frå teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter til teneste 2111 Utdanningsprogramma i 2012.

Teneste 2912 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring er ei lovpålagt oppgåve. Budsjettet for vaksenopplæring har blitt redusert over fleire år grunna låg aktivitet som følgje av for liten administrativ kapasitet. Det ligg no til rette for større innsats på området.

Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for vaksenopplæring for 2012 vert styrka med 1,0 mill. kr for å få eit akseptabelt omfang av vaksenopplæringstilbodet. Styrkinga vert finansiert ved ei omdisponering av midlar frå teneste 2112 Gratis læremiddel/PC-ordninga. Ei eventuell vidareføring av styrkinga frå 2013 må vurderast i samband med budsjett-/økonomiplanprosessen for komande år.

Vidare tilrår fylkesrådmannen en auke på 1 mill. kr i 2012 grunna manglande finansiering av nødvendige tiltak i 2011. Det er ikkje rom for å finansiere dette innan vedteke budsjett i 2012.

Restteori for lærlingar

Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet på restteori for lærlingar vert redusert årleg med 1,0 mill.kr frå 2012 som følgje av ein meir restriktiv praksis når det gjeld finansiering av restteori.

Samla vert det difor tilrådd å netto auke teneste 2912 Vaksenopplæring med 1,0 mill. kr, finansiert ved ein tilsvarande reduksjon av teneste 2112 Gratis læremiddel/PC-ordninga.

Teneste 2901 Landslinjer*Landsline Sogndal vidaregåande skule*

I samband med rekneskapsavslutninga for 2010 vart øymerka utstyrsmidlar frå KS sentralt (0,526 mill. kr) ved ein feil inntektsført i driftsrekneskapan og ikkje overført til utstyrsfondet. Utstyrsløyvinga gjekk med dette inn som ei delfinansiering av drifta av landslinjetilbodet slik at skulen framstod med eit resultat på drifta tilnærma balanse i staden for eit meirforbruk på 0,526 mill. kr. Dette har medført at skulen ikkje har høve til å nytte utstyrsmidlane etter intensjonen i tildelinga frå KS. Fylkesrådmannen tilrår at skulen vert tilført 0,526 mill. for å rette opp feilen.

Sogndal vidaregåande skule har også gjeve melding om at tildelinga til landslinjer (summen av statleg tilskot og fylkeskommunalt løyvde midlar) ikkje er nok til å dekke kostnadene ved landslinjetilbodet. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette i 2.tertial.

Tabellen under viser samla oversikt over tilrådde rammendingar og justeringar på sektoren:

Teneste	Budsj.endring (i mill. kr)	
	2012	2013-16
Teneste 2102 Utgifter til lokale	-0,007	-0,007
Teneste 2111 Utdanningsprogramma:		
Auka pensjonspremie	+1,964	+1,964
Sentralt avtaleverk	+1,160	+2,550
Øyrane vidaregåande skule - vg3	+0,870	
Teneste 2112 Gratis læremiddel/PC-ordninga	-1,000	
Teneste 2201 Fellesutgifter for opplæring:		
Omstillingstiltak for pedagogisk personale	+1,100	+1,100
Skulebruksplan	+0,600	
Teneste 2502 PP-tenesta:		
PPT Eid og Vågsøy	+0,007	+0,007
Teneste 2802 Fagprøver	+1,100	+1,100
Teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter:		
Vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift «bilfaget, lette køyretøy» og «bilskadefaget»	-0,870	

<i>Teneste 2912 Vaksenopplæring:</i>		
Vaksenopplæring	+2,000	+1,000
Restteori for lærlingar	-1,000	-1,000
<i>Teneste 2901 Landsliner:</i>		
Landsline Sogndal vidaregåande skule	+0,526	
Sum	+6,450	+6,714

2.7 Kultur

Teneste 5004 Bibliotekføremål

Fylkesbiblioteket har hatt ny transportordning for bøker ute på anbod. Nytt anbod viser at ramma til fylkesbiblioteket må aukast med 0,150 mill. kr årleg i budsjett/økonomiplanperioden.

2.8 Samferdsle

Teneste 6202 Fylkesvegar

Drift og vedlikehald

Det er løyvd 298,2 mill. kr brutto til drift og vedlikehald i 2012. Det er føresett ei inntekt frå mva. refusjon på 17 mill. kr som gjev ei nettoløyving på 283,3 mill. kr.

Prognosen på drift og vedlikehald er 334,3 mill. kr netto. Dette gir eit meirforbruk på 62,1 mill. kr.

Av meirforbruket er 53,5 mill. kr knytt til opprydding m.m. etter skadane frå orkanen Dagmar i julehelga 2011. I dette ligg også kostnader med båtskyss m.m. som følgje av stenging av fv. 664 Otterdalsstranda. Årsaka til det øvrige meirforbruket på 11,6 mill. kr er i hovudsak knytt til auka kostnader til vintervedlikehald og tunnelarbeid.

Fylkeskommunen har søkt staten om kompensasjon for skadane etter Dagmar. Fylkesrådmannen legg førebels til grunn at vi får dekka om lag 50 prosent av kostnadane tilsvarande 26 mill. kr.

Fylkesrådmannen legg vidare opp til å nytte 29,4 mill. kr av overførte midlar frå 2011 og 6,7 mill. kr av løyvinga til skadefondet for fylkesvegnettet for å finansiere budsjetttert meirforbruk på vegsektoren.

Oversikt over meirforbruk og finansiering vert vist i følgjande tabellar:

Tiltak	Budsjett 2012	Prognose	Avvik	«Dagmar-skader»	Øvrige tiltak
Driftstiltak	147,7	196,0	48,3	39,0	9,3
Vedlikehaldstiltak	141,5	156,3	14,8	12,5	2,3
Alternativ transport - vegstenging		2,0	2,0	2,0	
Sum (brutto)	289,2	354,3	65,1	53,5	11,6
Mva refusjon	-17,0	-20,0	-3,0		
Sum (netto)	272,2	334,3	62,1		

Finansiering av meirforbruk	Beløp
Overførte midlar frå 2011	29,4
Skjønnskott frå staten (KRD)	26,0

Løyving til skadefond for fylkesvegnettet	6,7
Sum (finansiering)	<u>62,1</u>

Teneste 6203 Trafikktryggingstiltak

Refleksprosjektet i regi av FTU er over i pilotfasen, og den administrative oppfølginga av prosjektet er no forankra på næringsavdelinga. Hovudmålet med refleksprosjektet er å endre bruksmønsteret av refleks ved å gjere det til ein naturleg del av motebiletet ved å integrere reflekterande materiale i tekstilet.

Samla budsjett for pilotfasen er sett til 1,885 mill. kr. 0,245 mill. kr av beløpet skal finansierast ved eigendelar frå merkevareprodusentar som deltek i prosjektet. FTU har ved fleire høve sett av midlar til prosjektet, og desse løyvingane – saman med eigendelane frå merkevareprodusentane og ein føresett medverknad frå Innovasjon Noreg (IN) på 0,85 mill. kr skulle fullfinansiere prosjektet. Pilotprosjektet er inne i ein slutfase, og ein tek sikte på at ein skal få patenten utprøvd i vinterkolleksjonen for 2013. Fylkeskommunen er no i dialog med Trygg Trafikk og departementet for overtaking/vidareføring av prosjektet etter avslutta pilotprosjekt i fylkeskommunal regi.

Ved årsskiftet vart det klårt at pårekna støtte frå IN ikkje let seg gjennomføre innafor gjeldande regelverk. I tillegg vart ikkje ubrukt FTU - løyving frå 2011 overført til 2012. Posten «Trafikktrygging» viste - ma som følge av dette - ei innsparing på 1,8 mill. kr i rekneskapen for 2011. Midlane gjekk inn i det samla overskotet på vel 27,0 mill. kr. Fylkesrådmannen finn det difor rimeleg å tilrå ei løyving på 1,5 mill kr for å sluttfinansiere dette prosjektet.

Teneste 6204 Prosjekt og tilskot

I budsjett 2012/økonomiplan 2012-2015 har teneste 6204 nemninga «Private vegar». Den einaste posten som er budsjettert på denne tenesta er det fylkeskommunale tilskotet til Fjellvegen Årdal – Tyin. Fylkesrådmannen har no funne det tenleg å endre nemninga til «Prosjekt og tilskot». Dette vil opne for å budsjettere andre tilskot/prosjekt som ikkje naturleg høyrer heime under «kollektivtransport» eller «fylkesvegar» på denne tenesta.

Stadt skipstunnel

Det vart vedteke å løyve 0,250 mill. kr til prosjektet Stad skipstunnel i 2011, jf. FT-sak 39/11. Fylkestinget løyvde dette over posten «FU til disposisjon», men det vart ikkje utbetalt eller avsett i 2011. Fylkesrådmannen tilrår å auke budsjettet med 0,250 mill. kr for å finansiere utbetalinga.

3. KAPITALBUDSJETTET

3.1 Sogn og Fjordane Holding AS

Sogn og Fjordane Holding AS vart oppretta som ein beredskap i høve forvaltningsreforma for å sikre lokalt eigarskap i dei store selskapa fylkeskommunen har eigardel i. I følge eigarmeldinga 2011 er det framleis aktuelt å overføre aksjane frå SFE AS i samband med moglege endringar i kraftmarknaden. Rekneskapen i selskapet viser no at det naudsynt med tilførsel av ny eigenkapital. Fylkesrådmannen tilrår å styrke eigenkapitalen i selskapet med ein aksjemisjon på 0,1 mill.kr. Emisjonen vert tilrådd finansiert over kapitalfondet.

3.2 Investeringsprogram for bygg og anlegg

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til å auke investeringsbudsjettet for bygg og anlegg i 2012 med 64,3 mill. kr. Auken gjeld overførte beløp frå 2011 på 63,8 mill. kr som no må budsjetterast inn i investeringsprogrammet for at dei skal kunne disponerast i 2012. I tillegg vert det tilrådd å auke prosjektet KU003 Gulatinget – visningssenter med 0,5 mill. kr som vert finansiert med avsette fondsmidlar.

Det vert vist til vedlegg 1 som viser endringane i investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsplan.

3.3 Investeringsprogram for fylkesvegar

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til å redusere investeringsbudsjettet i 2012 med samla 154,8 mill. kroner frå 907,2 mill. kr til 752,4 mill. kr.

Reduksjonen skuldast følgjande tilhøve:

Endringar i T 1/12	Beløp (i 1000 kr)
Overført meirforbruk frå 2011	-25,574
Samla innsparingar på ordinære investeringsprosjekt	-14,682
Meirbehov på rassikringsprosjekt	2,200
Overføring av midlar til 2013 – ordinære prosjekt	-82,800
Overføring av midlar til 2013 - rassikringsprosjekt	-33,970
Sum	154,826

Tilhøyrande finansieringsplan vert tilrådd endra slik:

Finansiering	Budsjett 2012	Tertial 1/12	Revidert budsjett 2012
Driftsmidlar til investering	177,400		177,400
Føresett mva. kompensasjon	17,200		17,200
Unytta lån	0	-8,166	-8,166
Fondsmidlar	3,000	-3,000	0
Låneopptak	631,200	-111,890	519,310
Statsbudsjettet - rassikring	78,400	-31,770	46,630
Sum	907,200	-154,826	752,374

I det følgjande vert det gjort nærmare greie for endringane i investeringsplanen. Detaljert investeringsprogram for fylkesvegnettet følgjer som vedlegg 2.

Overført meirforbruk i 2011

Fylkesrådmannen legg opp til å overføre meir-/mindreforbruk frå 2011 til dei aktuelle investeringsprosjekta i 2012. Samla var meirforbruket i 2011 på 25,6 mill. kroner. Meirforbruket er ikkje ei overskriding av kostnadsramma for prosjekta totalt sett, men kan sjåast på som eit lån av prosjektløyvinga med tilhøyrande finansiering i 2012. Ved rekneskapsavslutninga for 2011 viste det seg at momskompensasjonen vart mykje høgare enn føresett. Av overforbruket på 25,6 mill. kr er det såleis berre 8,2 mill. kr som må dekkast inn i 2012. Fylkesrådmannen vil såleis tilrå å redusere låneopptaket for 2012 tilsvarande meirinntekta i 2011 med 17,4 mill. kr.

Samla innsparingar på ordinære investeringsprosjekt

Dei samla innsparingane i denne tertialrapporten er samansett av følgjande tilhøve:

Endringar	Beløp (i 1000 kr)
Avslutta prosjekt	-7,070
Grunnoppgjjer/sluttfinansiering m.m.	1,888
Større endringar i prosjekt	-9,500
Sum	-14,682

Følgjande prosjekt er avslutta med eit samla mindreforbruk på 7,070 mill.kr:

- Fv. 613 Gjølvestøylen bru, -3,0 mill. kr – tiltaket vart mindre omfattande enn føresett og gjennomført gjennom drift og vedlikehaldsløyvinga i 2011.
- Sløvåg ferjekai, - 0,790 mill. kr
- Villevika ferjekai, -0,565 mill. kr
- Fv. 91 Bruland – Standos, -0,077 mill.kr
- Fv. 57 Sløvåg – Steine, -1,594 mill. kr
- Fv. 57 Møteplassar Båteviktunnelen, -0,204 mill.kr
- Fv. 50 Tunneltiltak, -0,840 mill. kr.

Følgjande prosjekt har behov for ei endring i prosjektløyvinga på samla 1,888 mill. kr knytt til grunnoppgjjer og sluttfinansiering m.m.:

- Fv. 4 Brandangersundet, +0,6 mill. kr
- Askvoll ferjekai, +0,5 mill. kr
- Fv. 13 Rørvikfjellet, -0,7 mill. kr
- Fv. 55 Håland – Austreim, +0,5 mill. kr
- Fv. 55 Tunneletiltak Høyanger, +0,988 mill. kr.

Følgjande prosjekt har behov for ei større endring i prosjektløyvinga. Samla er det eit mindrebehov på 9,5 mill. kr:

- Fv. 616 Bremangersambandet, -21,5 mill. kr. Etter at prisane på elektrokontraktane har komme inn har Statens vegvesen redusert kostnadsoverslaget med 21,5 mill. kr til 504 mill. kr.
- Fv. 615 Seljesvora, +5,5 mill. kr. Meirforbruk pga. store mengdejusteringar. I tillegg har entreprenøren krav på kompensasjon grunna forlengta byggetid.
- Fv. 611 Naustdal kai – Sæle, +6,5 mill. kr. Prosjektet har meirbehov i høve til utgraving og transport av massar, uføresette grunnforhold og mengdeauke på isnett.

Meirbehov på rassikringsprosjekt

Det samla meirbehovet på rassikringsprosjekt er 2,2 mill. kr. Dette er knytt til følgjande forhold:

- Løyving til fv. 55 Ulvåna, +3 mill. kr. Hovudutval for samferdsle gjorde i HS-sak 7/12 vedtak om ei løyving til prosjektet på 3 mill. kr. Det var føresett av dette skulle mellombels omdisponerast frå prosjektet fv. 152 Algøya i 2012. Fylkesrådmannen har i ettertid kome til at hovudutvalet ikkje hadde fullmakt til ei slik omdisponering og tilrår at fylkestinget løyver midlane til fv. 55 Ulvåna i denne tertialrapporten.
- Mindre rassikringstiltak Fjordane, +1,602 mill. kr. Prosjektet vart noko meir omfattande enn føresett.

- Fv. 55 Gullringen, 0,198 mill. kr. Prosjektet er avslutta og løyvinga gjeld sluttoppgjjer.
- Fv. 337 Bjødnabakken, -2,6 mill. kr. Løyvinga til prosjektet blir redusert for å dekkje meirbehov på rassikring Fjordane og Gullringen. I tillegg er løyvinga redusert med 0,8 mill. kr knytt til at løyvinga frå staten vart noko lågare enn føresett på grunn av ulik prisjusteringsfaktor.

Overføring av midlar til 2013 – ordinære prosjekt

Fylkesrådmannen legg opp til ein endring på ordinære investeringsprosjekt på -82,8 mill. kr. Dette er knytt til vurderingar om forventa behov for midlar i 2012. Midlane vil bli løyvd opp igjen i budsjettet for 2013. Dei største endringane er knytt til følgjande prosjekt:

- Fv. 661 Bremangersambandet, -6,5 mill. kr. Gjeld justering av prognose for forbruk i 2012. Arbeidet går som føresett.
- Fv. 50 Olden-Innvik, -17 mill. kr. Anleggsarbeidet med ny kontrakt på Agjeldstunnelen vert ikkje starta før august 2012. Planlagt ferdigstilling er 1. september 2014.
- Fv. 391 Bygstad – Laukeland, -24 mill. kr. Prosjektet er forseinka pga. lengre arbeid med reguleringsplan enn føresett.
- Fv. 365 Pilestredet bru, -11,2 mill. kr. Tiltaket kjem i konflikt med gjeldande reguleringsplan og vert forseinka. Prosjektet kjem ikkje i gang med anleggsarbeid før årsskiftet 2012/13.
- Rundkjøyring Sogndal, -3 mill. kr. Det er ikkje forventa at fylkeskommunen sin forskottering til Sogndal kommune vil bli utbetalt før i 2013.
- Buffer til Kinnvegen og Ostrupen bru, -5,1 mill. kr. Det vil ikkje vere behov for midlar til desse tiltaka i 2012.
- Fv. 545 Kinnvegen, -13 mill. kr. Løyvinga er justert ut frå prognose med føresetnad om anleggstart i oktober 2012.

Overføring av midlar til 2013 – rassikringsprosjekt

Fylkesrådmannen legg opp til ein endring på rassikringsprosjekt på -33,970 mill. kr. Dette er knytt til vurderingar om forventa behov for midlar i 2012. Midlane vil bli løyvd opp igjen i budsjettet for 2013. Endringane er knytt til følgjande prosjekt:

- Fv. 152 Algøya, -23,370 mill. kr. Prosjektet er forseinka pga. at det ikkje kunne gjennomførast som føresett, jf. FT-sak 9/12.
- Fv. 337 Buskredene, -9 mill. kr. Løyvinga er for høg i høve til forbruk i 2012.
- Fv. 337 Bjødnabakken, -1,6 mill. kr. Justering i høve til prognose for forbruk.

Som følge av tilrådinga om løyving til fv. 55 Ulvåna på 3 mill. kr i 2012, er det nødvendig å øymerke 3 mill. kr av løyving til «mindre rassikringstiltak» i 2013 til dei overfor nemnte rassikringsprosjekta. Dette vert det teke omsyn til i arbeidet med budsjett 2013/økonomiplan 2013-16.